

# HOVUDUTSKRIFT

## FOR

### SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

### REPRESENTANTSKAPSMØTE (på Webex)

---

Møtedato: 14. mai 2020

Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.30

---

Som medlemmer møtte:

Herøy: Bjørn Prytz, Tanja Rafteseth, Karl-Oskar Sævik

Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde

Hareid: Bernt Brandal

Sande: Olav Myklebust, Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Følgende medlemmer møtte ikke:

Herøy: Tor-Sindre Steinsvik

Hareid: Kjetil Nasset

Som varamedlemmer møtte:

Ann-Katrin Storøy (for Tor-Sindre Steinsvik)

Hallvard Sæverud (for Kjetil Nasset)

Frå styret møtte: George Fulford

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal, Andrea Sæverud

Andre: Revisor Einar G. Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R01/20 – R08/20

---

**Vedtakssaker:**

**SAK NR          R01/20**

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak, samr.:**

Innkallinga og saklista vart godkjend.

**SAK NR          R02/20**

**VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)**

**Vedtak, samr.:**

Tanja Rafteseth og Oddvar Gjerde skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

**SAK NR          R03/20**

**GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2019, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV UNDERSKOT / OVERSKOT**

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2019, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot.

Representantskapet ber styret om å sørge for at bruk av revisor til konsulentoppdrag vert redusert for å sikre revisor uavhengigheit.

**SAK NR          R04/20**

**GODKJENNING AV EIGARMELDING 2019**

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2019 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane.

For seinare år ønskjer representantskapet gjerne meir grafar og illustrasjonar og mindre tekst.

**SAK NR**            **R05/20**

**VALG AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING**

**Vedtak, samr.:**

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2019, med kr 91.300 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 158.000 (ekskl. mva.) for andre tenester.
2. Representantskapet godkjenner BDO AS blir vald som revisor for SSR også for rekneskapsåra 2020 og 2021.
3. Representantskapet syner til at honoraret for andre tenester er høgare enn det ordinære honoraret, men er tilfredse med at styret og styreleiar vil følge opp saka vidare. Det er også viktig å følge opp dette for å sikre at det ikkje blir stilt spørsmål om revisors uavhengigheit.

**SAK NR**            **R06/20**

**STYREVALG OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE**

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet viser til valkomitéen sitt framlegg og gjer følgande val:

1. Styremedlemmer:
  - George Fulford (vald for 1 år, på val i 2021, vald som styreleiar til 2021)
  - Camilla Storøy (vald for 2 år, på val i 2022, vald som nestleiar til 2022)
  - Margareth Leinebø (vald for 2 år, på val i 2022)
  - Anne Holstad (ikkje på val, på val i 2021)
  - Arnljot Muren (vald for 2 år, på val i 2022)
  - Kjartan Grimstad (vald for 2 år, på val i 2022)
  - Bjarte Uglum (tilsette sin representant i styret)
2. Representantskapet vedtar å auke styresatsane for 2020 med 1,5 %.

**SAK NR**            **R07/20**

**VAR-PROSJEKTET**

**Vedtak, samr.:**

Representantskapet vedtar å gå vidare med prosjektet og godkjenner også mandatet for prosjektet. I referansegruppa skal det sitte 2 representantar frå kvar av dei tre renovasjonsselskapa på Sunnmøre og 1 representant frå Vanylven.

Representantskapet vedtar at Knut Erik Engh (med Bernt Brandal som personleg vararepresentant) og Bjørn-Halvor Prytz (med Olav Myklebust som personleg vararepresentant) blir SSR sine representantar i referansegruppa.

**ORIENTERINGSSAK - SAK NR R08/20**  
**DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR**

Generell orientering om diverse saker, der det vart gjort vedtak i 2 saker. Det vart orientert om følgjande:

- Status for SSR og handteringa av koronapandemien. Ingen er koronasmitta i SSR og fleire smitteverntiltak er iverksett og desse vil truleg halde fram ei god stund framover. Elles ser ein at selskapet og dei tilsette er populære mellom innbyggjarane – både for dei som er på innhentingsrutene og for dei som er på miljøstasjonane. På sistnemnde er det stor pågang og nye besøksrekordar. SSR er heilt tydeleg ein viktig samfunnsinstitusjon i krisetider.
- Det gamle avfallsdeponiet i Fløstranda. Dette deponiet var lagt ned for ca. 25 år sidan, då det nye deponiet på Eidet vart etablert. Siste tida har det oppstått sprekker i øvste del av deponiet, og sjøen vaskar ut avfall frå nedste del. Her er det på gang ein del utgreiingar om kven som har ansvaret for deponiet. Er det SSR eller Ulstein kommune som har ansvaret – eller har begge eit delansvar?

**Vedtak, samr.:**

Styret i SSR legg fram forslag til korleis saka skal handterast på neste møte i representantskapet. Dette inkluderer utgreiing av avtalemessige, miljømessige og økonomiske konsekvensar.

- Samarbeid med andre i regionen. Kort status for samarbeidet med andre renovasjonsselskap og kommunar, der det er utstrakt samarbeid på fleire felt – t.d. på nedstrømsløyser, innkjøp, opplæring, kommunikasjon og ulike prosjekt (t.d. VAR-prosjektet). SSR vidarefører samarbeidet om gode regionale løysingar.
- Eit prosjekt for å sjå om det kan vere aktuelt å inkludere grovavfall i gebyret og ta betaling for grein- og hageavfallet er i gang. Prosjektet held fram utover hausten og kjem opp att som eiga sak på haustmøtet i representantskapet. Representantskapet ønskjer at det eventuelt skal vere høg grad av sortering frå dei som leverer som vilkår for å sleppe å betale. Ein del av utgreiinga skal også vere om det er mogleg å ha ope på laurdagar og heller stenge ein av kvardagane. Ei eventuell innføring av den nye ordninga kan tidlegast starte hausten 2021 eller 1. januar 2022.
- Gebyrfastsetting i kvar enkelt kommune. Selskapsavtala seier at ein skal arbeide for likt avfallsgebyr og like avfallsordningar i heile SSR-regionen – med andre ord solidaritetsprinsippet i praksis. Miljødirektoratet slår også fast at prinsippet om like prisar for like tenester er i samsvar med regelverket. Når det gjeld hushaldningsrenovasjon skal alle kostnader dekkast av abonnentane. Vidare skal kommunestyra alltid fastsette / vedta avfallsgebyra. Ulike gebyr i

kommunane vil føre til høgare gebyr på grunn av auka byråkrati, og ulike tilbod i kommunane kan lett føre til «gnisningar» mellom kommunane.

**Vedtak, samr:**

Eit samla representantskap vil halde på ordninga, nedfelt i gjeldande selskapsavtale, med likt avfallsgebyr og like avfallsordningar for alle eigarkommunane i SSR-regionen. Melding om dette skal sendast til kommunestyra i dei fire eigarkommunane.

**Neste møte i representantskapet blir torsdag 5. november 2020 kl. 10.00.**

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS, Ulsteinvik, 14. mai 2020



Knut Erik Engh  
representantskapsleiar



Tanja Rafteseth



Oddvar Gjerde



Einar Heimdal  
dagleg leiar